

# STATUSRAPPORT



NRK Nynorsk mediesenter

10.06.2021

**Vi har lært opp 170 nynorskpraktikantar og 56,5 prosent av dei arbeider i media. 39 prosent er i NRK. 13 prosent arbeider med avis/nett og tre prosent i andre media. Vel 19 prosent arbeider med informasjon, språk og reklame.**

**Rune Fossum Lillesvangstu er ny leiar for NRK Nynorsk mediesenter. Tidlegare nynorskpraktikant, Eva Marie Felde, er tilsett som ny faglærer etter han. Kull 35 er tilsett og Magni Øvrebotten blir pensjonist.**

## – Nynorsken har vore leiestjerna mi

**Når Magni Øvrebotten skal oppsummere 50 år i journalistikken og 41 år i NRK, vert nynorsk overskrifta. Språket har vore sjøve leiestjerna for henne.**

– Eg skjønnte fort at nynorsken betydde så mykje for meg at eg måtte arbeide der eg fekk bruke språket mitt, og då var NRK eit naturleg val, seier Magni Øvrebotten. I NRK var ho journalist i NRK Sogn og Fjordane i fem år før ho byrja på det som skulle bli 35 år som leiar. Fyrst 19 år som red.sjef/dk-sjef ved distriktskontoret i Førde og dei sise 17 åra som leiar for NRK Nynorsk mediesenter.

- Det har vore eit privilegium å få drive NRK Nynorsk mediesenter, her fekk eg samla engasjementet mitt for journalistikk, nynorsk og rekruttering. Vi kunne bygge vidare på NRK Sogn og Fjordane sine beste verdiar med å satse på nynorsk, nyhende og nye folk. Eg er stolt over alle dei flinke nynorskbrukande journalistane vi har lært opp, både før og gjennom NRK Nynorsk mediesenter.



Øvrebotten gler seg over at nynorsken i NRK ikkje lenger er berre eldsjelene og målorganisasjonane sin kamp, etter at kringkastingssjefen i 2018 gjorde det klart at NRK skal oppfylle målet om minst 25 prosent nynorsk kvart år.

---

*Eg er stolt over alle dei flinke nynorskbrukande journalistane vi har lært opp, både før og gjennom NRK Nynorsk mediesenter*

---

– Det burde vore sjølv sagt, men kravet har vore der sidan 1970, og NRK har berre oppfylt det eitt år. No håpar eg at nynorsken vert ein del av systemet i NRK, der redaksjonane må sette seg mål og blir målte på om dei når dei. Men språket vil trenge eldsjeler som vågar å seie frå og «står på krava» også i framtida, meiner Magni Øvrebotten. Ho håpar at NRK Nynorsk mediesenter har lært opp ein god del slike.

# Rune Fossum Lillesvangstu ny leiar

**Rune Fossum Lillesvangstu (46) er tilsett som ny leiar for NRK Nynorsk mediesenter. Han har vore faglærer ved mediesenteret sidan 2016 og har vore med på opplæringa av 50 nynorskpraktikantar. - Det er veldig kjekt å få lov til å leie NRK Nynorsk mediesenter inn i framtida, seier Lillesvangstu.**



Lillesvangstu seier dei er ei stor oppgåve å ta over etter Magni Øvrebotten.

– Eg må finne min måte å gjere det på. Det er lagt eit svært solid fundament. Det må vi ta vare på, samstundes som vi aldri må slutte å leite etter forbetring og utvikling.

NRK har berre éin gong klart kravet om 25 prosent nynorsk. Det er noko som motiverer han. – Det er framleis ein lang veg å gå før vi stabiliserer oss på eit høgt nok nivå.

Regionredaktør i NRK Vest, Rune Møklebust, er trygg på at han har funne den rette til jobben. – Eg gler meg veldig til å samarbeide med ein som kjenner mediesenteret så godt. Han har dei rette eigenskapane og ambisjonane for å utvikle dette viktige strategiske tiltaket vidare, seier Rune Møklebust.

Lillesvangstu er frå Molde, men har budd i Førde sidan 1999. Han har tidlegare jobba i Forsvaret og avisa Firda, før han kom til NRK der han også har vore journalist og vaksjef. Han byrja i den nye jobben 1. mai.



# Eva Marie Felde ny faglærer

Eva Marie Felde er tilsett som ny faglærer i NRK Nynorsk mediesenter etter Rune Fossum Lillesvangstu. – Eg kjenner på eit stort ansvar for å gjere nye praktikantar til flinke nynorskbrukande journalistar. Eg gler meg veldig til å ta del i både opp- og nedturar, seier Eva Marie Felde. Ho byrjar i jobben 1. august.



– Det er vel 13 år sidan eg sjølv var nynorskpraktikant. Eg hugsar det som veldig intenst, og tippar det blir det no også, både for praktikantane og meg i rolla som faglærer, seier Felde.

Som nynorskpraktikant hadde ho praksis i Dagsnytt og heldt fram der etterpå. Vidare har ho vore informasjonsrådgjevar i Datatilsynet og trainee ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. I 2012 byrja ho i NRK Sogn og Fjordane og arbeidde der som journalist og vaksjef til 2017. Då gjorde to små barn og dagpendling Breim-Førde at ein jobb nær heimen freista, og ho byrja som formidlingsleiar ved Nordfjord museum.

---

*Eg er utruleg stolt og glad for at eg får lov til dette*

---

Eva Marie Felde er 39 år og kjem frå Breim i Gloppen kommune. Frå Universitetet i Bergen har ho ein bachelorgrad i samfunnsvitenskaplege fag med vekt på japansk. På NTNU i Trondheim studerte ho statsvitenskap med vekt på utanrikspolitikk, media og politikk, opinion

og val. Deretter tok ho ein master i politikk og kommunikasjon ved London School of Economics, med vekt på politisk kommunikasjon, moderne kampanjepolitikk og media si demokratiske rolle.

– Det er stas at NRK Nynorsk mediesenter no får ein tidlegare nynorskpraktikant som faglærer, det har vi ynskt oss lenge. Etter 17 års drift er det endeleg duka for det og med Rune og Eva Marie på plass kan eg slutte med vissa om at Nynorsk mediesenter er i dyktige og gode hender, seier Magni Øvrebotten.

## Martha er nynorskpionér på Snapchat


**Det har blitt mykje meir nynorsk på NRK Nyheter sin Snapchat, etter at Martha Linnea Pukallus byrja i praksis i Ung-redaksjonen.**



– Kvantiteten på saker på nynorsk har auka. Og det har blitt to fleire historier frå Vestland, seier Pukallus.

I starten av mai reiste ho til Oslo for å byrje i praksis i Ung-redaksjonen. I løpet av ein måned har ho fått publisert fem saker på NRK sin Snapchat-konto. To av desse har vore eigensaker, der éin av dei var ein såkalla spesial.

– Det er så kjekt å få lese nynorsk på Snapchat. Det er jo eit nydeleg språk, og det ligg mykje identitet og tilhørrelse i det, seier Pukallus.



SNAP: Her er noko av stoffet Martha Linnea Pukallus har laga for NRK på Snapchat.

## Ser at publikum likar det

Martha Linnea Pukallus byrja som nynorskpraktikant i Førde i januar. No har ho praksis i Ung-redaksjonen på Marienlyst, der dei ikkje har hatt journalistar med nynorsk som «førstespråk» tidlegare. Ho er såleis ein pioner i redaksjonen.

– For oss er det veldig nyttig å ha ein som kan og brukar nynorsk naturleg i redaksjonen. Vi er svært opptekne av godt og ekte språk, og av å speile ung verkelegheit frå hele landet. Vi ser også at publikum likar det. Vi får tilbakemeldingar frå publikum om at det er kult med nynorsk i snappen. Eg trur også at unge i dag er «rausare» enn kanskje førre generasjon med tanke på å omfamme både dialekter og språk, seier redaksjonsleiar Ingunn Andersen.

---

*Vi får tilbakemeldingar frå publikum om at det er kult med nynorsk i snappen*

---

## Viktig for unge nynorskbrukarar

Språksjef Karoline Riise Kristiansen gler seg over at Pukallus er på plass i Ung-redaksjonen.

– Det er utruleg bra at Martha er på plass som praktikant frå NRK Nynorsk mediesenter og leverer saker på nynorsk til NRK Nyheter på Snapchat. NRK Nyheter har eit overordna mål om å nå yngre og breiare, og vårt tilbod på Snapchat er først og fremst eit tilbod til tenåringar. At nyheitsinnhald til unge kjem på nynorsk frå NRK er naturleg og sjølv sagt viktig for identiteten til unge nynorskbrukarar. Barn og unge treng eit godt medietilbod på eige språk for å bli gode i og glad i eige språk, seier Kristiansen.



# Opplever medvind for nynorsken i NRK

Noralv Pedersen har arbeidd med rett og godt språk i NRK sidan 2005. No ser han at fleire og fleire er positivt innstilte til nynorsk.



*PÅ NETTET: Noralv Pedersen (t.v.) og Rune Fossum Lillesvangstu har denne våren halde nynorskurs på Teams. Sistnemnde har og organisert fadderordninga i NRK i samarbeid med språksjefen.*

– Eg opplever at haldninga til nynorsk blant mange kollegaer har endra seg dei siste åra, og det er gledeleg og motiverande, seier Noralv Pedersen.

Han har sidan 2005 jobba med godt og rett språk i NRK. Pedersen har vore språkkontakt i 15 år, og han sat i språkstyret frå 2009 til 2017. Saman med Rune Fossum Lillesvangstu har han dei siste åra halde ei rekkje nynorskurs internt i NRK. Og det er i denne samanhengen han har bite seg merke i den nye medvinden for nynorsk.

– På alle webinarane vi har halde denne våren, har deltakarane vore velvillig innstilte – og positive – til nynorsk. På eitt kurs hadde fem av seks deltakarar rein bokmålsbakgrunn, men alle sa at dei var motiverte til å bruke nynorsk som arbeidsspråk, iallfall i dei kortare sakene dei skriv, for – som dei sa – vi må jo hjelpe NRK til å nå 25-prosentskravet, fortel Pedersen.

Inntrykket frå språkkursa samsvarar med ei undersøking NRK gjennomførte blant leiarar og medarbeidarar i januar 2019 om mellom anna haldningane til nynorsk. Denne granskinga

var ei oppfølging av ei tilsvarande gransking frå 2016, og i rapporten står mellom anna dette: «Haldningane til nynorsk er meir positive no enn dei var hausten 2016. I undersøkinga frå januar 2019 svarar 15 prosent av leiarane at dei meiner haldningane til nynorsk er betre no enn for to år sidan».

– Dette kan vere eit godt utgangspunkt for å til eit varig nynorskloft, som ikkje er så avhengig av årvisse krafttak og mobiliseringar. Men det trengst eit kontinuerleg påtrykk og tydelege styringssignal nedover i linjene, i kombinasjon med lågterskeltilbod som kurs, fadderordningar, robot og anna hjelp og inspirasjon, seier Pedersen.




### *Det er gledeleg og motiverande*

Denne våren har Pedersen saman med Lillesvangstu halde kurs på Teams for tre redaksjonar, delt opp i fem sesjonar. Eit 30-tals tilsette i NRK Sørlandet, direktetekstarane på Marienlyst og Dokumentar og samfunn har fått vere med. Nærare 300 medarbeidarar i NRK har tilsaman vore på nynorsk kurs sidan karane starta opp for nokre år sidan.

Kursa er eit samarbeid mellom NRK Nynorsk mediesenter, NRK Vestland og språksjefen i NRK. Målgruppa for kurset er såkalla «sovande nynorskbrukarar», bokmålsbrukarar på NRK.no og andre nettredaksjonar og medarbeidarar som treng oppfrisking av målforma si. Nye kurs er under planlegging til hausten.

**NRK Nynorsk mediesenter har og organisert fadderordninga i NRK. I vår hadde fire deltakarar god hjelp med nynorsken frå flinke fadderar rundt omkring i systemet. Fleire av dei ønskjer å bruke nynorsk som arbeidsverktøy framover, og fleire nye står på venteliste for å vere med på ordninga.**





# Kull 34 er snart ferdige med opplæringa

Desse fem har vore nynorskpraktikantane våren 2021 og 1. juli går dei alle over i sommarjobb der dei har ekstern praksis. Åshild Slåen har praksis i NRK Innlandet på Lillehammer, Oddgeir Sæle i NRK Vestland i Førde, Ingeborg Kløve-Graue i innanriksredaksjonen i NRK Nyhende, Synne Sørenes i NRK Vestland i Bergen, og Martha Linnea Pukallus er i Ung-redaksjonen i NRK Nyhende.



**Åshild Slåen** (1995): Tida ved Nynorsk Mediesenter var både hektisk og lærerik.

Opphaldet gav meg høve til å lære journalistiske metodar og verktøy som eg elles ikkje ville ha lært, sidan eg allereie har ei omfattande høgare utdanning. Dermed er eg klar for å starte å arbeide som journalist når eg no snart blir ferdig med praksistida mi.

**Oddgeir Sæle** (1991): - Hå Nynorsk Mediesenter har eg hatt ei hektisk og lærerik tid i lag med ein fantastisk kjekk gjeng. Ein elddåp i journalistikk, teknikk og korrekt språkbruk.

**Ingeborg Kløve-Graue** (1994): Tida som praktikant i Førde flaug av garde, og no er eg godt i gang som praktikant i NRK Innanriks. Nynorsk mediesenter er noko heilt unikt, og ein skulle ikkje tru at det gjekk an å ta ein lite medievant sjukepleiar og gjere meg til journalist (med sommarjobb i NRK) på berre seks månadar. Om nokre veker er tida mi som praktikant over, men det er trygt å veta at Nynorsk mediesenter er eit solid stempel å ha med seg vidare. Lærdommen, menneska og all erfaring er noko eg veit blir godt å ha med seg i ryggsekken uansett kor eg hamnar i framtida.

**Synne Sørenes** (1994): - Å vera nynorskpraktikant har vore utruleg spanande og lærerikt. Eg har aldri lært så mykje, på så kort tid. Tenk at eg for fem månadar sidan ikkje visste kva eit anslag var, og at eg no sit i NRK sine lokaler i Bergen og lagar saker akkurat som alle dei andre journalistane. Vegen har vore travel, hektisk og morosam. Eg er evig takknemleg for alt eg har lært, og alle eg har lært det ifrå.

**Martha Linnea Pukallus** (1999): - Det har vore eit veldig variert nesten-halvår! Frå opplæring i "traust og vanleg" journalistikk til den kanskje minst tradisjonelle redaksjonen i systemet. Opplæringa var intensiv, sjølv om ein del av den tekniske undervisninga var ting eg kunne. Det beste med opplæringa var å kunne spørre masse spørsmål.

## Her er dei fem praktikantane på kull 35

Fem kandidatar har komme gjennom det tronge nålauget til kull 35. Dei heldige er frå venstre: **Bjørne Østrem Djukastein (Voss)**, **Adan Hassan Tassamma (Stavanger)**, **Maria Gunnarsdotter Svedal (Sogndal)**, **Erlend Skorpetveit Aga (Tysnes)** og **Ingeborg Undheim (Bryne)**.



- Vi hadde ein uvanleg solid søknadsbunke med mange gode kandidatar å velje blant. Så desse fem har komme gjennom eit trengt nålauge, seier leiar Rune Fossum Lillesvangstu.

- Vi er veldig nøgde med dei fem som har komme inn. Dei har ulike bakgrunnar og kan utfylle kvarandre på ein god måte, seier han.

---

*Desse fem har komme gjennom eit trengt nålauge*

---

---

Medrekna kull 35 har NRK Nynorsk mediesenter tilsett 175 nynorskpraktikantar sidan starten i 2004. Dette haustkullet startar på opplæringa i Førde i midten av august.

**Bjørne Østrem Djukastein (fødd 1995, Voss)** har eit masterstudium i samanliknande politikk frå Universitetet i Bergen. Han har vore politisk engasjert i kommune- og heradsstyret i Voss, leiar i Voss Unge Høgre og som student har han hatt ei rekkje deltidjobbar og verv. Djukastein har hatt utvekslings- og praksisopphald i Brüssel, Antwerpen og Haag. Gjennom desse røynsle har han fått respekt for media si rolle som vaktbikkje, og som journalist håpar han å vere med på å utføre dette samfunnsopdraget.

**Adan Hassan Tassamma (1994, Stavanger)** går sisteåret på ein master i statsvitskap ved Universitetet i Oslo, samstundes som han vikarierer som rettleiar og sakshandsamar ved NAV i Midt-Agder. Det har gitt han innsikt i norsk offentleg sektor og lovverk. I tillegg har Tassamma vore gardist i Hans Majestet Kongens Garde og hatt ulike frivillige verv. Han synest verda er full av unike historier som ventar på å bli fortalde. Nokre av dei vil han gjerne formidle i media som fleirkulturell ambassadør for nynorsken.

**Maria Gunnarsdotter Svedal (1994, Sogndal)** har ein master i nordisk språk og litteratur. Frå før har ho praktisk pedagogisk utdanning, årsstudium i engelsk frå Universitetet i Bergen og Drama and english litterature frå University of Manchester. Ho har røynsle frå studentradioen i Bergen, og ho har i fleire somrar vore journalistvikar i Sogn Avis. Svedal har stor interesse for det som skjer i samfunnet, og no vil ho bruke det i journalistyrket.

**Erlend Skorpetveit Aga (1996, Tysnes)** er straks ferdig med ein mastergrad i media og kommunikasjon ved Universitetet i Bergen. Dei siste fem åra har han jobba med fotoradigering og journalistikk, og for tida er han redaktør i Bergen Student-TV. Aga har og røynsle som frilansjournalist og sommarvikar for Bladet Tysnes. No ønskjer han å leggje ein ny brikke på plass i puslespelet for å bli ein god og allsidig journalist.

**Ingeborg Undheim (1998, Bryne)** har teke ein bachelor i europastudium og avsluttar i vår eit årsstudium i samfunnsvitskap ved Universitetet i Bergen. Ho har hatt sommarvikariat som journalist i Jærbladet og Stavanger Aftenblad, og ho har røynsle som nyhendejournalist i studentavisa Studvest. For tida er ho ansvarleg redaktør i studentmagasinet Stoff. Undheim har sidan barneskulen hatt eit ønske om å bli journalist, og no vil ho bidra til å auke talet nyhendesaker på nynorsk i norsk media.



Nye jobbar:

## - Redaktører til lokalavis og nettstad

Fjoråret var eit rekordår med heile tolv faste jobbar i media for tidlegare nynorskpraktikantar. Det er alltid kjekt når folk får seg fast arbeid, men føremålet med NRK Nynorsk mediasenter er å lære opp nynorskbrukande journalistar. Difor er det jobbar i media vi gler oss mest over.

- Denne våren har det vore ekstra kjekt at både lokalaviser, nettstader og TV 2 får nytte av opplæringa av nynorskbrukande journalistar som NRK driv, og at det er henta to redaktører frå rekkja med tidlegare nynorskpraktikantar, seier Magni Øvrebotten.

### Sølve Rydland redaktør i Avisa Nordhordland

Sølve Rydland er tilsett om ny redaktør i Avisa Nordhordland frå 15. august. – Eg brenn for den lokale journalistikken og håpar både å utvikle meg sjølv og avisa, seier Sølve Rydland (37), som kjem frå Knarvik.



Sølve Rydland gjekk på det tredje kullet med nynorskpraktikantar ved NRK Nynorsk mediasenter i 2005. Han hadde ekstern praksis i NRK Dagsnytt, var tilkallingsvikar i NRK

Hordaland medan han studerte og fekk fast jobb i 2010. Dei siste åra har han vore redaksjonssjef ved distriktskontoret i Bergen

– Lokalavisa har ei viktig rolle når det gjeld å opplyse og engasjere folk. Eg ønskjer å vere med på å lage ei avis som kan prege livet og kvardagen til folk i Nordhordland, seier Sølve Rydland til avisa.

## Ola Weel Skram redaktør i Porten.no

Ola Weel Skram vart tidlegare i år tilsett som ny redaktør for nettstaden Porten.no i Sogn. Det såg han ikkje føre seg då han byrja som nynorskpraktikant i NRK i januar 2019. Han arbeidde i NRK Vestland til han byrja i Porten.no i november 2020.



– Å bli spurt om å verte redaktør etter berre to månadar i Porten, er ikkje noko eg kunne ha sett for meg på førehand. Samstundes er det ei rolle eg kjenner eg trivst enormt godt i, og med opplæringa i NRK Nynorsk mediesenter og NRK føler eg at eg også har nokre gode bein å stå på. Me er framleis ei litt mindre avis med ambisiøse planar, men salstala peikar riktig veg, og inntrykket er at stadig fleire får med seg og pratar om sakene me skriv i Porten. Eg er med andre ord ein stolt mann med gode medarbeidarar og spanande framtidsutsikter for avisa vår!

---

*Med opplæringa i NRK Nynorsk mediesenter og NRK føler eg at eg også har nokre gode bein å stå på*

---

## Aleksander Åsnes til Klassekampen

Journalist Aleksander Åsnes går frå fast jobb i NRK Vestland i Førde til fast jobb i politisk avdeling i Klassekampen. Åsnes var nynorskpraktikant våren 2016 og har arbeidd i avdelinga for økonomi og politikk i NRK Nyhende og NRK Vestland i Førde etterpå.

– Det er leit å forlate NRK etter fem år, ein arbeidsplass der eg verkeleg likar meg. Samstundes er Klassekampen favorittavisa mi, og eit journalistisk prosjekt eg har veldig trua på, seier Aleksander Åsnes. Han syner til at avisa har hatt ein kraftig vekst dei siste åra og no skal styrke den politiske journalistikken sin gjennom å utvide politisk avdeling. – Det er veldig spennande at eg får vere med på dette, i ei så spennande politisk tid, seier Aleksander Åsnes. Han byrja i Klassekampen 1. juni.



---

*Det er veldig spennande at eg får vere med på dette*

---

## Katrine Nybø programleiar i Nyheitsmorgon

I mai byrja Katrine Nybø som ein av programleiarane for Nyheitsmorgon i NRK P2 og NRK1. – Eg er mildt sagt både stolt, audmjuk og ikkje minst spent på om eg greier å fylle rommet etter dei dyktige programleiarane som har vore før meg, seier Katrine Nybø. Ho var nynorskpraktikant våren 2012, hadde praksis i NRK Dagsnytt, og har arbeidd i nyheitsavdelinga i NRK etter det.

– Dei siste åra har Nyheitsmorgon verkeleg blitt løfta opp og fram, og er no å sjå på NRK1 samtidig. Dette synest eg seier litt om både kvaliteten på innhaldet, kor viktig programmet er for å sette dagsorden og kva for ein bauta det er blitt på å oppdatere folket, seier Katrine Nybø, som skal ha foreldrepermisjon ut på sommaren.





## Trine Svanholm Misje til TV 2

Trine Svanholm Misje byrja i mai i eit toårig vikariat i nyhenderedaksjonen til TV 2 i Bergen. Ho har arbeidd i innanriksredaksjonen i NRK Nyhende sidan ho hadde ekstern praksis der som nynorskpraktikant våren 2020.


– I skrivande stund har eg jobba i TV 2 i ein måned, og ikkje ein dag har vore lik. Her er det høgt tempo og varierte oppgåver, som eg får løyse saman med hyggelege og dyktige kollegaar. Eg stortrivst i TV 2, og er glad eg har fått jobb her dei neste to åra. Eg er særleg glad for at TV2.no har opna for meir nynorsk på nett. Eg vil i alle fall gjere mitt for å få opp nynorskprosenten og bidra til at også TV2.no blir ein god stad for nynorskbrukarar å lese nyheiter, seier Trine Svanholm Misje.



## Seline Larsen til Fjordenes Tidende

I mai byrja Seline Larsen i eit vikariat i Fjordenes Tidende. Ho gjekk på kull 33 og var ferdig med praksisen i februar. Ho hadde vikariat i NRK Vestland, og valde å bidra med kompetansen sin i lokalavisa heime i Måløy.

– Allereie frå dag éin har eg skrive saker til nett og avis. Hittil har eg skrive både reportasjar og nyhende, men også fått innblikk i korleis vi kan streame til dømes fotballkampar og arrangement direkte på nettsida. I tillegg har eg fått ansvar for Instagram-kontoen vår, der eg prøver ut kreative og spennande måtar å formidle sakene våre på. Etter kvart vil eg få opplæring i korleis vi lagar til papiravisa og få moglegheiter til å drive med både video og podkast. Det gler eg meg til. Eg trivst veldig godt i lokalavisa og har lært mykje allereie. Arbeidet er givande, variert og spennande, seier Larsen.



# Dei fekk nynorskprisen for journalistar

Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar vart i år delt på nyhendeankera Siri Kleiven Strøm og Arill Riise i TV 2. Duoen trudde dei skulle på eit møte om stortingsvalet, då juryen plutseleg dukka opp på arbeidsplassen.



*FEKK PRIS: Arill Riise og Siri Kleiven Strøm under prisutdelinga på arbeidsplassen i TV 2.*

Dei vart oppriktig overraska då juryen dukka opp i kaffikroken i lokala til TV 2 i Bergen.

– Eg kjenner at eg har høg puls. Tusen, tusen takk for ein så høgthengande pris. Det er enormt stort, for eg jobbar jo hardt med språk, og nynorsk er så sterkt knytt til identiteten min. Eg kjenner at eg nesten er på gråten, sa Siri Kleiven Strøm.

– Eg blir nesten litt på gråten, eg og. Eg er glad for at TV 2 får denne prisen no, det er jo vi som har det munnlege talemålet og flest nyhendeanker som brukar nynorsk. Eg kjenner at eg blir fantastisk stolt. Det er ei ære, sa Arill Riise.

---

*Eg er glad for at TV 2 får denne prisen no, det er jo vi som har det munnlege talemålet og flest nyhendeanker som brukar nynorsk*

---

## Prisvinnarane synleggjer nynorsk for mange

I alder er det nesten tre tiår mellom dei to prisvinnarane, og samla representerer dei kontinuiteten og framtida for nynorsk i eit mediekonsern som i stor grad er dominert av det mest brukte av dei to norske skriftspråka.

– På eitt område har TV 2 arbeidd godt med nynorsk i lang tid. Kanalen har sytt føre å ha fleire dyktige nyhendeankar som nyttar normert nynorsk i sendingane.

Kulturdepartementets nynorskpris for journalistar for 2021 går til to av desse som begge på ein føredømeleg måte løfter fram og synleggjer nynorsk for eit breitt publikum, meiner juryen bak prisen.

Tidlegare har prisen vore utdelt under Dei Nynorske festspela i Aasentunet i Ørsta. Grunna koronapandemien vart prisen i fjor delt ut til Eivind Molde under eit lukka arrangement hjå NRK på Marienlyst i Oslo. I år vart prisen delt ut på arbeidsplassen til Siri Kleiven Strøm og Arill Riise i TV 2 i Bergen.

## Er gode føredøme for andre

Kulturdepartementets nynorskpris for journalistar er på 75.000 kroner og eit kunstverk. Med to prisvinnarar, deler dei pengeprisen mellom seg, men dei får eit kunstverk kvar.

I juryen for nynorskprisen for journalistar er Solveig Barstad leiar, ho er programleiar i TV2. Elles sit Inger Johanne Sæterbakk, språkkonsulent på Det Norske Teatret, og Øystein A. Vangsnes, professor ved Universitetet i Tromsø, i juryen.

Frå 1. juli 2021 vert Sæterbakk erstatta av Jens Kihl i Bergens Tidende.

# Kvar vert nynorskpraktikantane av?

**Per 1. juni 2021 har vi lært opp 170 nynorskpraktikantar. 56,5 prosent av dei arbeider i media. 39 prosent er i NRK. 13 prosent i aviser/nettavisar og tre prosent i andre media (TV 2, Radio 1). Utanom media arbeider vel 19 prosent med informasjon, språk og reklame.**

Vi har tidlegare praktikantar i radio- og fjernsynsprogram, på nettet og i sosiale medium. Døme: NRK P3, Dagsnytt, Dagsrevyen, Utanriks, Ekko i P2 og Kveldsåpent i NRK P1. Vidare er det tidlegare praktikantar ved NRK-kontora i Alta, Tromsø, Bodø, Trondheim, Ålesund, Førde, Bergen, Stavanger, Porsgrunn og Lillehammer.



Det er også journalistar herifrå som er nyhendeanker i TV 2, nyhenderedaktør i Nationen, frontsjef i Vårt Land, og journalistar i VG, Bergens Tidende, Møre-Nytt, Drammens Tidende og Telemarksavisa. Og ein er tilsett som ny redaktør i avisa Nordhordland frå hausten av.

Andre arbeider med språk, informasjon, rådgjeving i t.d.: Statsministerens kontor, Valdirektoratet, Språkrådet, Forbrukarrådet, Noregs Ungdomslag og Røde Kors.

I statusrapportar som denne tek vi berre med dei fem siste kulla. Dei andre finn du på nettsida [www.nynorskmediesenter.no](http://www.nynorskmediesenter.no). Der skal vi vere oppdaterte på kvar dei er, så sant dei sjølve hugsar å melde frå om byte av arbeid og studium.

### **Kull 33: 19. august 2020 – 28. februar 2021**



**Lidvard Sandven** (1996) er vikar ved lokalkontoret til NRK Vestland i Hardanger, **Eirin Tjoflot** (1994) er vikar i nettredaksjonen NRK.no, **Seline Larsen** (1998) er vikar i Fjordenes Tidende, **Linn Haug Eide** (1994) er doktorgradsstipendiat og **Per-Ivar Kvalsvik** (1993) er vikar i NRK Møre og Romsdal.

### **Kull 32: 6. januar – 30. juni 2020.**



**Sjur Mikael Dolve** (1999) er vikar i NRK Vestland i Bergen og studerer journalistikk ved Universitetet. **Astrid-Amalie Heldal** (før Hetland, fødd 1999) studerer nordisk ved Universitetet i Oslo. **Trine Svanholm Misje** (1993) er vikar i TV 2 og **Emily Louisa Millan Eide** (1993) i kultur og underholdning i NRK Nyhende. **Guro Brattespe Lahus** (1993) er vikar i NRK Vestfold og Telemark i Porsgrunn.

## Kull 31: 19. august 2019 – 29. februar 2020.



**Elias Håvarstein** (1996) arbeider i Byas-redaksjonen i Stavanger Aftenblad, **Oda Elise Svelstad** (1993) er sommarvikar i Rampelys-redaksjonen i VG, **Lars Volldal** (1987) frilansar, **Vilde Gjerde Lied** (1995) vikar i NRK Troms og Finnmark og **Hans Ivar Moss Kolseth** (1995) fast tilsett i NRK Trøndelag.

## KULL 30: 3. januar – 30. juni 2019



**Tonje Noreng Trøen** (1992) frilansar i Førde, **Ragnhild Voreland** (1995) er presse- og informasjons-offiser på Haakonsvern, **Idunn Lavik** (1995) er juss-student, **Ola Weel Skram** (1991) er redaktør i Porten.no og **Magnus Helle** (1995) vikar i NRK Sport.

## Kull 29: 20. august 2018 – 28. februar 2019



**Ida Yasin Andersen** (1992) er fast tilsett i kultur og underholdning i NRK Nyhende, **Birgitte Vågnes Bakken** (1993) er vikar i nettavisa Framtida.no, **Elise Kvien** (1996) er fast tilsett i NRK Vestland i Førde. **Solveig Nyhus Aksnes** (1995) er fast tilsett i NRK Møre og Romsdal og **Ingvild Eide Leirfall** (1993) er fast tilsett som journalist i nettavisa Framtida.no.



---

## FAKTA OM TRE SYSTERTILTAK:

**NRK Nynorsk mediesenter** – for rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. 10 praktikantar i året. Oppretta og drive av NRK sidan 2004. Samlokalisert med NRK Vestland i Førde. Senteret er modell for dei to andre. Leiar: Rune Fossum Lillesvangstu

**NRK FleRe** – for rekruttering og opplæring av fleirkulturelle journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. Fem praktikantar i året. Oppretta og drive av NRK sidan 2008, samlokalisert med NRK Oslo og Viken i Oslo. Leiar: Iram Ansari.

**Nynorsk avissenter** – for rekruttering av nynorskbrukande journalistar for nett, avis og sosiale medium. Åtte-ti praktikantar i året. Oppretta av Amedia/Firda/Vinjefondet i 2013. Kom inn på statsbudsjettet i 2015. Nynorsk avissenter er samlokalisert med avisa Firda i Førde. Leiar: Ingunn Osland

NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk mediesenter samarbeider om opplæring og gjesteførelesarar i ulike emne om nynorsk som mediespråk, journalistikk og etikk. Søkjarar som søker begge opplæringane vert kalla inn til intervju i Førde same dagen. Kjem dei inn hjå begge må dei sjølve velje kvar dei vil gå. Sams søknadsfristar 15. april og 15.oktober.